

## Inngjerding - Reguleringsplan for Fjellsida Lemonsjøen - Landbruksfagleg vurdering

Vi legg til grunn av inngjerding enkelttomter er uttømande drøfta i føresegnene til arealdelen i gjeldande kommuneplan og nyleg godkjente reguleringsplanar i Lemonsjøområdet.

### Drøfting av inngjerding av heile området.



Det er tale om ca. 200 daa med bjørkeskog med innslag av furu. Området grensar mot fv. 51, nedfartsløype i skitrek/parkeringsplass og skog.

Området er attvekse med lauvskog med innblanding av furu. Det er ei fuktig li med potensiale for godt beite viss skogen blir tynna. Området framstår i dag lite attraktivt for beitedyr og det er lite brukt av beitedyr, men det er beitedyr i området, både sau og storfe. Det er nokre tråkk gjennom området. Partiet nedst mot fv. 51 har sporadisk innslag av myr (ikkje kartfesta).

Det er tale om høg utnytingsgrad av det regulerte område. Det vil si at det blir mykje bebygd areal, vegar, skråningar, skjeringar, planerte areal mv. Det vil sannsynlegvis føre til ein del attraktive beiteareal etter at utbygging er gjennomført. Likeleis vil det blir ein del attraktive plassar der sauen kan kvile/tygge drøv.

Høg aktivitet i området kan meføre mykje forstyrningar for beitedyra. Inngjerding av enkelttomter i eit høgt utnytta hytteområde vil føre til at området framstår som labyrintisk for beitedyra. I nokre hytteområde blir beitedyr i tette hytteområde forsøkt jaga og skremd bort frå området.

Inngjerding av heile det regulerte området vil redusere det totale utmarksbeitearealet for beitelaget. Det vil etter vår vurdering få mindre negativ innverknad på dyra sitt beitemønster i.o.m. at arealet er attvekse med tett skog. Det vil i liten grad hindre dyra sin bruk av meir attraktive delar av utmarksbeitet. Skogen er tett og inngjerding mot slalombakken vil leie dyra ovanfor området det skal byggast på. Inngjerding vil hindre beitedyr på vegen på den aktuelle strekninga.

## **Inngjerding av heile området - føresetndar**

Gjerdetype? El-gjerde, nasjonalgjerde, skigard, stakitt?

Det bør vere tale om eit gjerde med lengde på ca 1,5 km (båe byggetrinna). Det vil vere aktuelt med eit nasjonalgjerde med kort avstand mellom stolpane, med toppfjøl. Strømgjerde som takast ned kvar haust vil for mange medføre skepsis ved passering. Gjerdet må gerast solid p.g.a. vindpakka snø. Det må og sørgje for at storfe ikkje kjem inn på det inngjerda området. Grundig ettersyn av gjerde, grunder, ferister, gjerdeklyvarar mv. før beitesesongen må bli gjennomført. Gjerde må ikkje forstyrre flomvegane på noko vis.

**Generelt:** Gjerdet må vere sterkt nok til å tåle aktuelle beitedyr og av ein type som kan godkjennes av Mattilsynet sine dyrevelferdskrav.

## **Trafikk og ferdsel inn/ut av området?**

Grunder, ferister, gjerdeklyvar(ar) vil vere viktige element for å sikre ferdsel inn/ut av området.

### ➤ **Ansvar for vedlikehald/ettersyn av gjerdet**

- Kven får ansvaret for oppsetting av gjerdet. Vedlikehald og ettersyn må og bli avklara før utbygging tek til.

### ➤ **Det må og bli avklara kven som har ansvaret viss beitedyr kjem på innsida gjerdet**

- Kven har ansvar for kontakt med dyreeigar for å få dyr ut av området på ein dyrevelferdsmessig forsvarleg måte
- Varslingsrutinar til dyreeiga/beitelag om husdyr skadar seg på innsida gjerde

Desse to hovudpunkta bør bli tinglese i samband med matrikkulering av utbyggingsområdet.

## **Innløysing av beiterett, kva medfører/endar det av ansvar for dyreeigar viss dyra kjem på innsida gjerdet?**

Innløysing av beiteretten vil sannsynlegvis endre ansvarsforholdet viss dyr set seg fast i konstruksjonar og døyrl/blir skada, om det oppstår materielle skadar innafor det inngjerda området osb. Med beiterett på utbyggingsområdet vil dyreeigaren stå sterkt. Viss beiteretten blir løyst inn vil dyreeigaren stå svakt, sannsynlegvis blir hen erstatningspliktig viss det blir skade på "annan mann sin eigedom" på innsida gjerdet. Det same gjeld om dyr skadar seg/døyrl på innsida gjerdet.


## **Utbygging i to trinn til byggeområde fritidsbebyggelse (F05) og fritidsbebyggelse med fritids- og tursitformål (F/FT01)**

Det regulerte området skal byggjast ut i to trinn. Full utbygging kan ta mange år.

Det bør vere krav om at trinn 1 blir gjerda inn og bygd ut før heile området blir gjerda inn i samband med utbygging av trinn 2 (F05).


#### 1.4.1 Kommuneplan/kommunedelplanar

I gjeldande arealdel til kommuneplanen er området avsett til byggeområde fritidsbebyggelse (F05) og fritidsbebyggelse kombinert med fritids- og turistformål (F/FT01).



Utsnitt frå kommuneplanens arealdel, vedteke 09.08.2017.

#### Regulert framtidig situasjon



Per-Ivar Weydahl  
Landbrukssjef Vågå og Sel